

Saksbehandlar: Ylva Christiansen Sundt

Vår dato:
31.10.2013
Dykkar dato:
23.09.2013Vår referanse:
2013/5723
Dykkar referanse:Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Spørsmål om delegering av mynde til samarbeidsutvalet i samband med fastsetjing av ordensreglement

Utdanningsdirektoratet viser til ein e-post datert 23.09.2013 med spørsmål om mynde til å fastsetje ordensreglement kan delegerast til samarbeidsutvalet.

I opplæringslova § 2-9 står det at kommunen har plikt til å syte for at kvar skule har eit ordensreglement. I mange tilfelle vil kommunen delegere denne mynda til rektor på skulen.

Alle grunnskular skal ha eit samarbeidsutval. Eit samarbeidsutval er i hovudsak eit rådgjevande organ som kan uttale seg om alle saker som gjeld skulen. Det består av representantar frå undervisningspersonalet, andre tilsette, foreldrerådet, elevane og kommunen. Ein av representantane frå kommunen skal vere rektor ved skulen. Sjølv om samarbeidsutvalet vanlegvis ikkje er eit forvaltningsorgan, kan det og få delegert styringsoppgåver frå kommunen, jf. opplæringslova § 11-1 tredje avsnitt.

Når samarbeidsutvalet får delegert styringsoppgåver, opptrer dei på vegner av kommunen og vil i praksis fungere som eit driftsstyre. Dette er presisert i Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) s. 187 og i kommentarutgåva til opplæringslova. I mange tilfelle vil også kommunen nemne opp samarbeidsutvalet som eit faktisk styre for skulen når dei har fått delegert slike styringsoppgåver, jf. kommunelova § 11.

Fastsetjing av ei forskrift gjeldande for skulen er ei styringsoppgåve. Etter det Utdanningsdirektoratet kan sjå, vil det altså vere mogleg å delegere mynde til å fastsetje eit ordensreglement til samarbeidsutvalet. For at kommunen skal velje å gjennomføre ein slik delegasjon må delegasjonen vere trygg og forsvarleg. For å sikre ein forsvarleg delegasjon må eit organ som får ei slik oppgåve

- vekkje tillit hos andre som vert ramma av delegasjonen
- vere villig til å ta på seg oppgåva
- vere medveten kommunen si mynde til å gje instruksjon
- få tilstrekkeleg opplæring og kompetanse til å fastsetje eit ordensreglement.

Ein må og vere oppmerksam på at rektor, som er ein obligatorisk deltakar i samarbeidsutvalet, ikkje er involvert i sakshandsaminga, slik at han vil vere ugild, jf. kommunelova § 40.

Mange samarbeidsutval vil etter dette vere best eigna som rådgjevande organ, og ikkje som styringsorgan. Ein skal likevel ikkje sjå bort frå at nokre kommunar finn ein slik delegasjon formålstenleg, særleg der samarbeidsutvalet er eit driftsstyre.

Postadresse: Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO	Telefon: +47 23 30 12 00	E-post: post@utdanningsdirektoratet.no	Bankgiro: 7694 05 10879
Besøksadresser: Schweigaards gate 15 B, Oslo Britveien 4, Molde Parkgata 36, Hamar	Telefaks: +47 23 30 12 99	Internett: www.utdanningsdirektoratet.no Org.nr.: NO 970 018 131	IBAN: NO8876940510879 BIC/SWIFT DNBANOKK

Vennleg helsing

Cathrine Børnes
avdelingsdirektør

Ylva Christiansen Sundt
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend